

Protokoll frå styremøte 15. desember 2022

Til stades: Erik Ulfsby, Lodve Solholm, Eli Bjørhusdal, Terje Lohndal, Kjetil Gundersen, Hilde Sollid og Hege Myklebust
Frå sekretariatet: Jo Inge Fisketjøn (stabssjef, S 73/22 og 80/22), Åse Wetås (direktør) og Åsa Kaldhussæter (seniorrådgjevar)
Møtestad: Teams
Møtetid: 16:00–19:00
Møteleiar: Ulfsby
Referent: Kaldhussæter

Sakliste styremøte

Konstituering

S 66/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet
S 67/22 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 22. september 2022

Informasjonssaker

S 68/22 Orienteringssaker v/ direktøren (ingen sakspapir)
S 69/22 Høyringar
S 70/22 Mediesaker
S 71/22 Frå fagråda
S 72/22 Språkdagen 2022 – evaluering
S 73/22 Rekneskap og økonomisk situasjon per 30. november 2022 – inkl. prosjektoversikt
S 74/22 Rapport etter mållovstilsyn
S 75/22 Utgreiing om fast forskingsmiljø for norsk språk
S 76/22 Arbeid med årsrapport 2022

Vedtakssaker

S 77/22 Endringar i fagrådsmandata (jf. S 64/22)
S 78/22 Styrets møteplan for 2023 – årshjul
S 79/22 Oppnemning av fagrådsmedlemmar

Drøftingssaker

S 80/22 Førebels budsjett for 2023
S 81/22 Førebels verksemdsplan for 2023
S 82/22 Oppnemning av fagrådsmedlemmar – endring i sakshandsamingsrutiner og vedtekter?
S 83/22 Plan for todagarsmøte i 2023
S 84/22 Statsbudsjettet 2024 – plan for prioriteringar
S 85/22 Forvaltningsrevisjon pliktreglane i språklova
S 86/22 Vidare dialog med KUD om ressursrammene til Språkrådet
S 87/22 Evaluering av styrearbeidet i 2022
S 88/22 Eventuelt

Konstituering

S 66/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

Sakspapir: Saklista 15. desember

Vedtak: Innkallinga og saklista er godkjende.

S 67/22 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 16. september 2022

Sakspapir: Framlegg til protokoll

Vedtak: Protokollen frå styremøtet 16. september 2022 er godkjend.

Informasjonssaker

S 68/22 Direktørens orientering

Sakspapir: Ingen

Direktøren orienterte mellom anna om:

- Sjukefråvær på 4,6 % i år. Det er ein nedgang frå fjorårets 6 %, og vi arbeider systematisk vidare med å få fråveret til å halde seg lågt. Alle tilsette har fått tilbod om influensavaksining.
- Medarbeidarmåling i regi av bedriftshelsetenesta. Resultata er i hovudsak gode.
- Haustens lokale lønsforhandlingar. Vi forhandlar no separat med dei to hovudsamanslutningane LO og UNIO.
- Etatsstyringsmøte i Kulturdepartementet 15. november. Tema i møtet var mellom anna status for Språkrådets arbeid i 2022, statens tillitsreform og innmelding av budsjettprioriteringar for 2024. Språkrådet tok på si side opp dialogen mellom styret og Kulturdepartementet om Språkrådets rammevilkår, og etterlyste også sektorrettleiaren departementet skal utarbeide. Denne er sett på vent fordi arbeid med boklova har hatt prioritet i 2022. Det same gjeld arbeidet med ferdigstilling av forskrifter til språklova.
- Kulturdepartementets pris Årets nynorskkommune gjekk i år til Vestland fylkeskommune.
- Publiseringa av årets ord 2022. Øvst på lista stod *krympflasjon*. Saka vekte som vanleg stor merksemd i media.

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 69/22 Høyringar

Sakspapir: Notat med oversikt over høyringssvar frå Språkrådet

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 70/22 Mediesaker

Sakspapir: Notat frå kommunikasjonsavdelinga

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 71/22 Frå fagråda

Sakspapir: Notat frå fagrådssekretærene

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 72/22 Evaluering av Språkdagen 2022

Sakspapir: Notat frå språkdagsgruppa og sluttrekneskap

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 73/22 Rekneskap og økonomisk situasjon 30. november 2022

Sakspapir: Notat frå stabssjefen og rekneskap per 30. november 2022

Vedtak: Styret tek rekneskapsrapporten til orientering.

S 74/22 Rapport etter mållovstilsyn

Sakspapir: Notat frå seksjonssjef Margrethe Kvarenes og rapport om tilsynet med bruken av bokmål og nynorsk i staten 2021

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 75/22 Utgreiing om fast forskingsmiljø for norsk

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Styret tek saka til orientering, og vil i tråd med tidlegare styrebehandling bli haldne løpande orienterte om utgreiingsarbeidet.

S 76/22 Arbeid med årsrapport 2022

Sakspapir: Notat frå kommunikasjonssjefen og stabssjefen

Vedtak: Styret ber direktøren om å levere endeleg utkast til tekst og rekneskap til årsrapporten til styremøtet i februar 2023.

Vedtakssaker

S 77/22 Endringar i fagrådsmandata

Sakspapir: Framlegg til reviderte mandat for fagråd 1, 2 og 3.

Vedtak: Styret vedtek dei føreslåtte endringane i fagrådsmandata.

S 78/22 Møteplan for 2023

Sakspapir: Framlegg til møteplan og årshjul for styret i 2023

Vedtak: Styret vedtek møteplanen for 2023 med dei endringane som kom fram i møtet.

S 79/22 Oppnemningar av fagrådsmedlemmar

Sakspapir: Notat frå leiargruppa

Vedtak: Styret ber direktøren om å oppnemne fagrådsmedlemmar i tråd med styrets føringar. Dersom nokon av kandidatane skulle takke nei til oppnemning, får direktøren fullmakt til å oppnemne ein person med mest mogleg tilsvarende kompetanse.

Drøftingssaker

S 80/22 Førebels budsjett

Sakspapir: Notat frå direktøren og stabssjefen med budsjettframlegg i tal og førebels tildelingsbrev for 2023

Vedtak: Styret med direktøren leggje fram eit forslag til endeleg budsjett for 2023 til styremøtet 12. februar 2023.

S 81/22 Førebels verksemdsplan for 2023

Sakspapir: Notat frå direktøren med utkast til verksemdsplan 2023 og KUDs framlegg til målstruktur for Språkrådet 2023

Vedtak: 1) Språkrådet arbeider vidare med endeleg verksemdsplan for 2023 med utgangspunkt i styrets innspel og kommentarar. Endeleg verksemdsplan blir lagt fram i februararmøtet 2023.
2) Språkrådet gjev tilbakemelding til Kulturdepartementet om framlegg til endringar i målstrukturen for 2023 i tråd med bestillinga i etatsstyringsmøte, og ut frå vurderingar knytte til tillitsreform og til Språkrådets samla ressursrammer.

S 82/22 Oppnemning av fagrådsmedlemmar – endring i sakshandsamingsrutinar og vedtekter?

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Saka vart utsett.

S 83/22 Plan for todagarsmøtet i 2023

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Styret bed Språkrådets administrasjon arbeide vidare med plan for todagarsmøtet i 2023 og leggje fram saka på nytt i februararmøtet med vekt på fagleg utbyte ved dei ulike alternativa.

S 84/22 Statsbudsjettet 2024 – plan for prioriteringar

Sakspapir: Notat frå direktøren og budsjettsøknad 2023

Vedtak: Styret bed Språkrådet melde inn budsjettprioriteringar i tråd med budsjettsøknaden for 2023.

S 85/22 Forvaltningsrevisjon av pliktreglane i språklova

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Språkrådet tek spørsmålet om ein mogleg forvaltningsrevisjon opp med Kulturdepartementet.

S 86/22 Vidare dialog med KUD om ressursrammene til Språkrådet

Sakspapir: Notat frå direktøren, korrespondanse mellom styret og Kulturdepartementet og Språkrådets budsjettsøknad for 2023

Vedtak: Styret bed Språkrådet om å legge administrativt til rette for styrets ønske om å oppnå ny og styrkt dialog med Kulturdepartementet om rådets ressursrammer.

S 87/22 Evaluering av styrearbeidet i 2022

Sakspapir: Framlegg til diskusjonspunkt

Vedtak: Styret drøfta saka.

S 88/22 Eventuelt

Ingen saker til eventuelt.

Godkjenning

Protokoll frå møtet 15. desember 2022 er godkjend 14. februar 2023

Erik Ulfsby Lodve Solholm

Kjetil Gundersen Eli Bjørhusdal

Terje Lohndal Hege Myklebust Hilde Sollid